

Full klaff for TV Norge

08.09.2015



Frå klatring til sykkel i ettermiddag

Dag nummer 2 i vårt område med innspillingen av serie nummer 17 må karakteriserast som full klaff for TV Norge.

Veret kunne ikkje ha vore betre og aktørar og teknikk fungerte prikkfritt. No vert det interessant å registrera korleis episoden som vert spela inn i Romsdal vil te seg, men det er langt fram dit, Det vert einslags mannjamning mellom Trollveggen og Ulvanåso, Forståeleg nok var TVselskapets mannskapets stab svært blide i solskinet.som verkeleg var raust denne septemberdagen.



Her er Vetletindsveggen

Areaen var ikkje av dei mest krevjande i superfjellet vårt. Klatreturen starta klokka 7 og slutta klokka 14 og ruta som vart fylgd skal heite **HVORFOR ER IKKE DETTE LODDRETT OG HO VART INNTRODUSERT I 1988.** opplysar Tv-selskapet. Det kan ikkje vi gå god for, men ho er i alle fall i Vetletindsveggen. Kjendisane sykla dei siste 2 kilometrane til mål for etappa og utslagsdyst i Rosendal Tekst, foto og nett Ola Matti Mathisen